

**Fra:** Are Frøysland Grande  
**Sendt:** tirsdag 4. juli 2023 14:33  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** VS: Svar på førespurnad om riving på gbnr 188/385

---

**Frå:** Are Frøysland Grande  
**Send:** tirsdag 4. juli 2023 14:32  
**Til:** Söderstrøms Gartneri <[soederstroem@outlook.com](mailto:soederstroem@outlook.com)>  
**Emne:** Svar på førespurnad om riving på gbnr 188/385

Hei,

Kristoffer Söderstrøm kontakta byggesaksvakta 27. 06.2023 med spørsmål om flytting av veksthus som er knytt til Hageland Knarvik si verksemd på eigedomen gbnr 188/385. Veksthusa skal mellomlagrast og setjast opp igjen for ny bruk. Vi forstår at dette gjeld veksthus med storleik på om lag 140 m<sup>2</sup> og 265 m<sup>2</sup>. Eitt av veksthusa ønskjer du å plassera på eigedomen sin på lo.

Det går fram av kommunen sitt arkiv at bygningane på eigedomen gbnr 188/385 er godkjend oppførte som mellombelse tiltak. Eit mellombels tiltak skal opphøyra når perioden det er godkjend etablert for er nådd, ved opphør av bruk eller når det vert gitt pålegg om riving. Rivinga kan gjennomførast utan krav til søknad og løyve etter plan- og bygningslova.

Ved oppføring av veksthusa på ny stad vil tiltaket krevja søknad og løyve. For frittliggande bygg på inntil 70 m<sup>2</sup> kan tiltakshavar sjølv senda inn søknad. Søknad om større bygg må sendast inn av føretak som kan erklæra ansvar. For driftsbygningar i landbruket er det egne reglar. Der kan tiltakshavar sjølv senda inn søknad om føra opp ein driftsbygning på inntil 1 000m<sup>2</sup>.

Nytt tiltak skal plasserast i samsvar med gjeldande plangrunnlag, lov og forskrift.

Vennleg helsing

**Are Frøysland Grande** | Avdelingsleiar Plan og byggesak

Telefon: 56 17 11 92 / 45 37 44 06

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE